

 Samnanger kommune	Prosedyre/rutine <b>Oppvekst - Plan for pedagogisk utvikling i sektor oppvekst.</b> Oppvekst		
	<b>Dokument Id:</b> 301 <b>Versjon:</b> 0 <b>Status:</b> Godkjent	<b>Dokumentansvarlig:</b> Siv Sæterdal <b>Forfatter:</b> Sektor oppvekst	<b>Godkjent av:</b> Bodil H. Øpstebø

## 1. Formål

### PLAN FOR PEDAGOGISK UTVIKLING I SEKTOR OPPVEKST

#### SAMNANGER KOMMUNE 2022 – 2025

-der du vil leva og bu-



”Ein god stad å vera, ein god stad å læra” (skule)

”Ein god stad å vera, ein god stad å leika og læra” (barnehage)

Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO (Meld.St.6)

**Vedteke kommunestyret 16. juni 2022**

Side 1 av 14

Vær oppmerksom på at dokumentet kan være endret etter utskrift.

Prosedyre/rutine Oppvekst - Plan for pedagogisk utvikling i sektor oppvekst.	Utskriftsdato: 21.02.2023
Dokumentansvarlig: Siv Sæterdal	Godkjent av: Bodil H. Øpstebø
Dokument Id: 301 - Versjon: 0	Side 1 Av 14

## Innhold

<a href="#">1.0 Innleiing:</a>	3
<a href="#">2.0 Intensjon:</a>	3
<a href="#">2.1 Overordna mål:</a>	3
<a href="#">2.2 Delmål:</a>	4
<a href="#">2.3 Planprosess:</a>	4
<a href="#">2.4 Generell del:</a>	5
<a href="#">2.5 Rullering av planen:</a>	7
<a href="#">3.0 Oversikt over delplanar:</a>	8
<a href="#">4.0 Oversikt over satsingsområde ved einingane:</a>	8
<a href="#">4.1 Samnanger barnehage:</a>	8
<a href="#">4.2 Samnanger barneskule:</a>	10
<a href="#">4.3 Samnanger ungdomsskule:</a>	12
4.4 Vaksenopplæringa:	14

Side 2 av 14

Vær oppmerksom på at dokumentet kan være endret etter utskrift.

Prosedyre/rutine Oppvekst - Plan for pedagogisk utvikling i sektor oppvekst.	Utskriftsdato: 21.02.2023		
Dokumentansvarlig: Siv Sæterdal	Godkjent av: Bodil H. Øpstebø	Dokument Id: 301 - Versjon: 0	Side 2 Av 14

## 1.0 Innleiing

Temaplan for oppvekst skal gje ein oversikt over områder ein særskild vil ha fokus på i det pedagogisk utviklingsarbeidet i barnehage, skule og vaksenopplæringa, men underliggjande er klare faglege mål og variert undervisning og /eller leik. Planen utfordrar til å tenkja heilskapleg og tverrfagleg. Dette er i tråd med Samnanger kommune sin overordna samfunnsplan.

Arbeidet med tverrfagleg samarbeid vert vidareført med vekt på oppbygginga av eininga Livsmeistring og i utforming av den nye planen for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsproblem. Ulike nasjonale føringane peikar på det heilskapelege opplæringslaupet i laget rundt barnet. Følgjande dokument er grunnlaget for ny temaplan:

- Kunnskapsløftet 2020 (LK20)
- Lov om barnehage 2021 og Rammeplan for barnehagen 2017
- Stortingsmelding 19: Tid for leik og læring - betre innhald i barnehagen
- Stortingsmelding 28: Fag- fordjuping- forståing, ei fornying av Kunnskapsløftet
- Stortingsmelding 6: Tett på -tidlig innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO
- Barnevernsreformen – en oppvekstreform Lovbestemmelsene trådte i kraft 1.1.2022. Prop. 133 L (2020-2021) punkt 25.2.
- Kompetanseløftet <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/lokal-kompetanseutvikling/kompetanseloftet-for-spesialpedagogikk-og-inkluderende-praksis/>
- Opplæringslova

Heilskapen rundt barnet i oppvekstlaupet er viktig og i denne planen vil ein her legg ein vekt på det pedagogiske læringsmiljøet i barnehage, skule og vaksenopplæringa gjennom inkluderande fellesskap, folkehelseperspektivet og gjennom FN sine berkriftsmål.

## 2.0 Intensjon

Plan for oppvekst skal skapa oversikt og visa progresjon i utviklingsarbeid i einingane i tråd med gjeldande lovverk. Planen syner retning og valte fokusområde, for ei systemisk heilskapleg tilnærming når det gjeld tenestetilbodet i kommunen innan oppvekst.

### 2.1 Overordna mål – Barn og unge skal:

- oppleve tryggleik, aksept, motivasjon, meistring, fagleg og sosial læring
- ha eit godt arbeidsmiljø der ein «gjer kvarandre gode, og vil kvarandre vel» gjennom god og utviklande kommunikasjon
- stimulerast til aktivitet, nysgjerrigheit, kreativitet, kritisk tenking og forskning
- oppleve inkluderande fellesskap som styrker identitet, gjev anerkjenning og utviklar sosial kompetanse, motverkar einsemd ved å høyra til
- oppleve tidleg innsats og tilpassa opplæring
- få opplæring i tema som god folkehelse, livsmeistring og bærekraftig utvikling
- få god kompetanseutvikling
- oppleve barne- og elevmedverknad
- oppleve varierte undervisningsmetodar og praktisk læring gjennom aktivitet og leik

Side 3 av 14

Vær oppmerksom på at dokumentet kan være endret etter utskrift.

Prosedyre/rutine Oppvekst - Plan for pedagogisk utvikling i sektor oppvekst.	Utskriftsdato: 21.02.2023
Dokumentansvarlig: Siv Sæterdal	Godkjent av: Bodil H. Øpstebø
Dokument Id: 301 - Versjon: 0	Side 3 Av 14

## 2.2 Delmål

- nulltoleranse mot krenking i barnehage og skule
  - implementera MOT i heile personalet ved ungdomsskulen
  - gjennomføra inkluderande undervisning
  - nytta lærande nettverk mellom barnehage, barneskule og ungdomsskule, for å sikra samanheng og progresjon i læringsinnhaldet fagleg og sosialt
  - samarbeid gjennom tverrfagleg samhandling
- 
- kompetanseheving i barnehagane når det gjeld spesialpedagogikk og språkutvikling
  - kompetanseheving i skule når det gjeld læringsmiljø og systematisk arbeid, tidleg innsats og inkluderande undervisning
  - arbeida systematisk for framgang på nasjonale prøver frå 5. til 8. trinnet og frå 8. trinnet til 9. trinnet for den einskilde elev
  - over snittet til Vestland over tid på eksamensresultat og grunnskulepoeng

## 2.3 Planprosess

Tidspunkt	Tema	Deltakarar
10.01.20	Revidering av temaplan for sektor oppvekst -stikkord til nye mål	Pedagogisk forum m/leiarer og tillitsvalde i oppvekst
Januar/februar 20	Evaluering av Temaplan 2016 – 2019 Forslag til nye satsingsmål	Elevråd og tilsette, klubber
12.02.20	Arbeid med ny temaplan	Leiarar og tillitsvalde i sektoren
20.02.20 - 13.03.20	Utkast i prosess til utval	SU/SMU/FAU, barnehage
Pandemi	Korona kom og alt vart utsett	
07.04.2022	Pedagogisk Forum innspel	Einingsleiarane m.fl
19.04 – 10.05.2022	Høyring einingsleiarar/leiargruppe	Rektorane, styrarane, rådgjevar barnehage, hovudtillitsvalt
19.04.- 10.05.2022	Høyring FAU/SU/SMU/tillitsvalte	Einingsleiarane organiserer
02.06.2022	Handsaming i formannskapet	Formannskapet
16.06.2022	Handsaming i kommunestyret	Kommunestyret

### Oppveksteigar har følgjande ambisjonar og forventningar til arbeidet i oppvekstområdet:

Ambisjonar	Forventningar
Tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO	Medverka til å nå ambisjonane
Trygt og godt oppvekst-/læringsmiljø for alle	Implementera systemretta program Fokus i alle grupper
Skapa felles forståing av kvalitet og praksis i barnehage og skule	Tilsette deltek aktivt i kompetansehevingsprogram som DeKomp, ReKomp, kompetanseløftet, møte/kurs, nettverk med erfaringsdeling
Kompetanseheving i tråd med sentrale føringar	Vidareutdanning gjennom utdanningsdirektoratet Felles skulering
Barne- og elevmedverknad	Auka bevisstgjerjing i barnehage og skule

## 2.4 Generell del

Tenestetilbodet i oppvekst er styrt av ei rekkje lover og forskrifter. Barnehagelova,

Rammeplanen, Opplæringslova, Oppvekstreforma, Fagfornyninga/Kunnskapsløftet-20 og Folkehelselova er nokre av desse.

Det er og vert meir fokus på auka tverrfagleg samarbeid mellom einingane, noko oppvekstreforma legg opp til i samband med den nye barnevernsreforma. Kompetanseløftet 20 med inkludering, tilpassa opplæring og tidleg innsats. Dette gjennom ein inkluderande tilnærming til spesialpedagogikk i klassen/på avdelinga og minst mogleg i einerom.

**Kunnskapsløftet 2020 kom med nytt læreplanverk - fagfornyninga - for grunnskulen og vidaregåande opplæring. Kunnskapsløftet inneheld ein overordna delen og nye fagplanar.**

**Formålsparagrafen (Opplæringsloven § 1-5) uttrykkjer verdier som samlar Noreg som samfunn.**

**Verdiane er grunnlaget for vårt demokrati og skal hjelpa oss å leva, læra og arbeida saman i ei kompleks samtid og i møte med ei ukjent framtid. Dei felles verdiane byggjer på kristen og humanistisk arv og tradisjon. Dei kjem også til uttrykk i ulike religionar og livssyn, og dei er forankra i menneskerettane. Desse verdiane er grunnmuren i skulen si verksemd.**

**Opplæringa sitt verdigrunnlag - og prinsipp i overordna del:**

- Menneskeverdet
- Identitet og kultur mangfald
- Kritisk tenking og etisk medvit
- Skaparglede, engasjement og utforskartrøng
- Respekt for naturen og miljømedvit
- Demokrati og medverknad

Planen er også førande med prinsipp for læring, utvikling og danning - og for skulen sin praksis. Elevane skal utvikla kompetanse gjennom tverrfaglege tema og gjennom arbeid med problemstillingar i ulike fag. Dette er ikkje eigne fag, men samfunnsaktuelle tema som inngår i læreplanane der dei er ein sentral del av den totale kompetansen i faget.

**Tre tverrfaglege tema:**

- Demokrati og medborgarskap
- Bærekraftig utvikling
- Folkehelse og livsmeistring

**Stortingsmelding 6 (2020): «Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage, skule og SFO»:** I Stortingsmeldinga forklarar dei inkludering og tidleg innsats slik:

- **Inkludering** i barnehage og skule handlar om at alle barn og elevar skal oppleva at dei har ein naturleg plass i fellesskapet. Dei skal kjenna seg trygge og kunna erfara at dei er viktige, og at dei får medverka i utforminga av sitt eige tilbod. Eit inkluderande fellesskap omfattar alle barn og elevar.
- **Tidleg innsats** tydar eit godt pedagogisk tilbod frå tidlig småbarnsalder, at barnehagar og skular arbeider for å førebyggja utfordringar, og at tiltak vert sett inn umiddelbart når

Side 5 av 14

Vær oppmerksom på at dokumentet kan være endret etter utskrift.

Prosedyre/rutine Oppvekst - Plan for pedagogisk utvikling i sektor oppvekst.	Utskriftsdato: 21.02.2023
Dokumentansvarlig: Siv Sæterdal	Godkjent av: Bodil H. Øpstebø
Dokument Id: 301 - Versjon: 0	Side 5 Av 14

utfordringar vert avdekkja. Tiltak kan vera å leggja til rette innanfor det ordinære tilbodet og/eller ved å setja inn særskilte tiltak.»



Figur 3.2 Inkluderande fellesskap i barnehage og skule (Meld. st. 6 s. 49.)

Nærare forklaring av dei tre sirkane i modellen:

• **Det ordinære pedagogiske tilbodet for alle:**

Barnehagen skal ifølgje rammeplanen tilpassa det allmennpedagogiske tilbodet etter barna sine behov og føresetnader. Det følgjer av opplæringslova at opplæringa skal tilpassast den einskilde elev sitt behov med sikte på best mogeleg utbytte. Kravet om tilpassa opplæring gjeld for all opplæring gjennom heile grunnopplæringa, og det gjeld for alle elevar uansett kva føresetnader dei har for å læra. Alle barn har rett til eit godt barnehage- og skulemiljø. Regjeringa er oppteken av at barna får den hjelpa dei trenger,- raskt. Det føresetter eit godt samarbeid med andre tenester og at kompetansen er nær barna og elevane i eit inkluderande fellesskap.

• **Ekstra tiltak i det ordinære pedagogiske tilbodet:**


Einskilde barn og elevar har behov for ekstra støtte i kortare eller lengre periodar. Barnehagen og skulen skal leggja til rette for at barn og elevar med stort læringspotensial får eit tilpassa tilbod.

• **Særskilte tiltak:**

Barn som ikkje har begynt på skulen, har rett til spesialpedagogisk hjelp dersom dei treng det. Retten gjeld uansett om dei går i barnehage eller ikkje, men det kan vera vanskelegare å fanga opp utfordringar hjå barn som ikkje går i barnehage. Elevar som ikkje har, eller som ikkje kan få, tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har rett til spesialundervisning. Denne retten gjeld for heile grunnopplæringa. (Lov om barnehagar § 31, Opplæringslova § 5-1)

Planen for oppvekst 2022 – 2025 utfordrar oss til å ha kjennskap til dei nye nasjonale føringane. Like viktig er det å ha kapasitet til å endra praksis, slik at intensjonen ved dei nye føringane vert innfridd. Området oppvekst skal vera utviklingsorientert, og skal vera prega av god samhandling, til beste for både barn, elevar og tilsette, slik at foreldre er trygge på ei god utvikling for sitt barn.

**Laget rundt barnet i ulike fasar og ved ulike behov:**



(Henta frå Ullensvang kommune)

## 2.5 Rullering av planen

Denne temaplanen skal rullerast innan 2025. Det vil skje mange endringar innan den tid. Rådmann får derfor mynde til å justera planen i tråd med desse endringane.

Side 7 av 14

Vær oppmerksom på at dokumentet kan være endret etter utskrift.

Prosedyre/rutine Oppvekst - Plan for pedagogisk utvikling i sektor oppvekst.	Utskriftsdato: 21.02.2023
Dokumentansvarlig: Siv Sæterdal	Godkjent av: Bodil H. Øpstebø
Dokument Id: 301 - Versjon: 0	Side 7 Av 14

### 3.0 Oversikt over andre planar i sektor oppvekst

Plan	Mål	Tid	Ansvar	Evaluering	Pris
Overordna samfunnsplan til kommunen	Kommunen sin overordna plan	2022	Rådmann		
Overordna sektorplan for oppvekst/temaplan	Gje oversikt og sikra utvikling og kvalitet	2023-2024	Kommunalsjef oppvekst		Kr 75 000
Handlingsplan for eit trygt og godt læringsmiljø (kapitel i temaplan)	Barn og unge opplever trygge og gode oppvekstmiljø m.fl	2022-2025	Kommunalsjef oppvekst Einingsleiarane	Skal gjennomgåast på planleggingsdag kvar haust og oppjusterast	
Handlingsplan for IKT- satsinga i sektoren (kapitel i temaplan)	Implementere planen i tråd med sentrale føringar	Planen skal vera ferdig innan 2023	Kommunalsjef oppvekst IKT- ansvarlege på skular Samarbeid med Midthordland kompetanseregion ved IKT nettverk	Korona og endring med hurtig utvikling	Kr 25 00
Tverrfagleg samarbeid (TFL) (kapitel i temaplan)	Kvalitativt betre førebyggjande teneste for barn og unge Implementering av plan	Vedteken 2015	Rådmannsgruppa Oppvekstforum Basegruppe 1	Vidareført	
Handlingsplan for alvorlege hendingar i skule og barnehage (kapitel i temaplan)	Alle einingane har	2021	Einingsleiarane	Risikovudering - intranett	
Handlingsplan for pandemi i skule og barnehage		Utarbeida 2021	Sektorleiar Einingsleiarane		
Handlingsplan mot sjølv-mord og sjølvskading	Førebygga	Utarbeida 2021-22	Rådmann/ Kommunepsykolog	Ut på høyring våren 2022	
Plan for førebygging av omsorgssvikt og åtferdsproblem	Lågterskeltilbod med førebygging	2022-23	Einingsleiar livsmeistring		



## 4.0 Oversikt over satsingsområde ved einingane:

### 4.1 Samnanger barnehage: Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i barnehage

Satsings-område	Mål	Tiltak	Ønska effekt	Tid	Ansvar
<b>Barnehagemiljøet</b>	Implementering av plan – Godt barnehagemiljø Utbeta leikemiljøet ute og inne	Årshjul Fornyng av leikemiljø ute og inne	Førebyggja krenking og mobbing Inkludering for alle Aktivitet og trivsel	2022-2025	Leiinga Dei tilsette
<b>Barn sin rett til medverknad</b>	Å lytta til barna og ta dei med på råd er grunnleggjande for å lykkast med å leggja tilbodet godt til rette.	Barnesamtale Dagleg – fleksible planer Implementering av planane	Når barn får påverka eigen læring og kvardag og k seg sett og forstått, kan dei verta tryggare og meir motiverte	2022-2025	Leiinga Dei tilsette
<b>Språk og kommunikasjon</b>	Organisera og strukturera alle språkpakkene	Etterutdanning, -REKOMP, Årshjul • Sølvsperm (PPT) • ASK • Snakkepakken • Språksprell • Babblarna • Trampoline ol	Styrke kompetanse for alle som igjen føre til færre oppmeldinger. Inkludering for alle	2022-2023	Leiinga Dei tilsette
<b>Kompetanseløftet</b>	Auka kompetansen hjå dei tilsette, førebyggja utanforskap, fanga opp utfordringar og gje eit inkluderande og tilpassa pedagogisk tilbod til alle, inkludert dei som har behov for særskilt tilrettelegging	Rutinar spesialpedagogisk hjelp i barnehagen (raud perm) Rutinar ved tilrettelegging (grøn perm) Ressursteam vidareutvikle	Styrke kompetanse for alle som igjen føre til færre oppmeldinger. Inkludering for alle	2022-2025	Leiinga Dei tilsette
<b>Kvalitetssikring HMS -system</b>	Eit oversiktleg og tilgjengeleg system	MENTOR (PBL) /Netpower Kvalitetssystem GDPR • Personvern	Betre kvalitetskontroll og sikkerheit	2022-2025	Leiing Verneombod

Side 9 av 14

Vær oppmerksom på at dokumentet kan være endret etter utskrift.

Prosedyre/rutine Oppvekst - Plan for pedagogisk utvikling i sektor oppvekst.	Utskriftsdato: 21.02.2023
Dokumentansvarlig: Siv Sæterdal	Godkjent av: Bodil H. Øpstebø
Dokument Id: 301 - Versjon: 0	Side 9 Av 14

## 4.2 Samnanger barneskule: Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i skule og SFO

Satsings-område	Mål	Tiltak	Ønska effekt	Tid	Ansvar
Vi-skule	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Alle elevane skal på ein god måte kjenna at dei høyrer til i eit større fellesskap</li> <li>• Tilsette har felles ansvar for alle elevane</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dei vaksne seier ikkje «mine» elevar men «våre» elevar</li> <li>• Alle har fokus på å respektera kvarandre</li> <li>• Alle tilsette skal arbeida for at elevane opplever at dei høyrer til i klassen og på skulen</li> <li>• Alle tilsette skal arbeida for at elevane opplever å kjenna på samhald og støtte</li> <li>• Alle tilsette skal arbeida for at elevane opplever vennskap og fellesskap</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utvikla elevar som tek ansvar for seg sjølv, andre mennesker og naturen.</li> </ul>	2022 - 2025	Leiinga Tilsette
Leksebevisst skule	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Lekser skal vera ei positiv oppleving for alle elevane</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Alle tilsette skal ha kritisk refleksjon over eigen praksis</li> <li>• Alle lekser skal ha ei pedagogisk grunngeving</li> <li>• Alle lekser skal vera tilpassa eleven</li> <li>• Alle lekser som kan, skal følgjast opp på skulen</li> <li>• Alle lekser skal gje eleven kjensle av meistring og motivasjon</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utvikla elevar som opplever meistring og utforskartrøng.</li> </ul>	2022 - 2025	Leiinga Tilsette
Samarbeid	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Alle elevane skal kjenna at dei har noko å bidra med</li> <li>• Alle elevane skal utvikla tru på seg sjølv, og leita atter det positive i andre</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Alle tilsette skal arbeida for at elevane skal vera rausa med kvarandre</li> <li>• Alle tilsette skal arbeida for at alle skal omtala kvarandre på ein positiv måte</li> <li>• Me skal hjelpa kvarandre</li> <li>• Alle tilsette skal arbeida for at elevane skal kjenna at dei vert sett og høyrte</li> <li>• Alle tilsette skal arbeida for at elevane skal kjenna seg trygge</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utvikla trygge og inkluderande elevar som kan ta sjølvstendige val.</li> <li>• Utvikla elevar som er kjende med å få tillit og respekt, samtidig som dei er vane med at det vert sett krav og gitt ansvar til dei.</li> </ul>	2022-2025	Leiinga Tilsette
Inkludering	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Alle elevane skal oppleva å verta inkludert.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Alle tilsette skal arbeida for at elevane skal lytta til kvarandre</li> <li>• Alle tilsette skal vektleggja empati</li> <li>• Alle tilsette skal arbeida for at elevane opplever at det er lov å gjera feil</li> <li>• Alle tilsette skal arbeida for at elevane skal erfare elevmedverknad</li> <li>• Alle tilsette skal arbeida for at elevane skal oppleva å verta anerkjend</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utvikla trygge elevar som er kjende med felles verdiar i samfunnet.</li> <li>• Utvikla elevar som er trygge på eigen identitet i eit fleirkulturelt samfunn.</li> </ul>	2022-2025	Leiinga Tilsette

Side 10 av 14

Vær oppmerksom på at dokumentet kan være endret etter utskrift.

Prosedyre/rutine Oppvekst - Plan for pedagogisk utvikling i sektor oppvekst.	Utskriftsdato: 21.02.2023
Dokumentansvarlig: Siv Sæterdal	Godkjent av: Bodil H. Øpstebø
Dokument Id: 301 - Versjon: 0	Side 10 Av 14

Livsmeistring	<ul style="list-style-type: none"> <li>Elevane skal læra strategiar for å meistra eige liv</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Alle tilsette skal arbeida for å skapa gode relasjonar gjennom kommunikasjon</li> <li>Alle tilsette skal arbeida for at elevane skal få hjelp til kjensleregulering og konflikthandtering</li> <li>Alle tilsette skal arbeida for at elevane skal få hjelp til kritisk tenking</li> <li>Alle tilsette skal arbeida for at elevane skal læra å ta ansvar</li> <li>Alle tilsette skal arbeida for at elevane skal få eit positivt sjølvbilete</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Utvikla elevar som har ein innhaldsrik «verktøykasse» til å møte utfordringar innan fysisk og psykisk helse.</li> <li>Utvikla elevar som kan ta gode val også med tanke på framtida.</li> </ul>	2022-2025	Leiinga Tilsette
SFO med aktive elevar	<ul style="list-style-type: none"> <li>God trivnad</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Sikre trygge og gode overgangar frå skule til SFO</li> <li>Varierte og motiverande aktivitetar.</li> <li>Sikre gode lokaler for aktive elevar.</li> <li>Bruka biblioteket aktivt</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Auka sosial dugleik.</li> <li>Elevar som kan mange ulike barneleiker, på tvers av alderstrinn.</li> <li>Elevane er fysisk aktive</li> <li>Elevane får utfalde seg i rolleleik og drama</li> <li>Elevane skal få oppleve læring gjennom leik og samspel med andre.</li> <li>Skapa god barnekultur</li> </ul>	2022-2025	Leiinga Dei tilsette på SFO

Alle desse områda høyre saman med **klare fagleg mål og variert undervisning** for å ha god praksis retta mot den einaskilde elev i si utvikling. Skulen vil nytta mest mogeleg av den tilgjengelege fellestida til arbeid med satsingsområda våre i denne planen.

- Eit sentralt verkemiddel i denne prosessen er å få til god deling av erfaring og felles kritisk refleksjon over eigen praksis.
- Me vil arbeida systematisk og over tid for å styrka visjonen til Samnanger kommune. Den lyder slik: Ein god stad å vera, ein god stad å læra

### 4.3 Samnanger ungdomsskule: Tett på – tidleg innsats og inkluderande fellesskap i skule

Satsingsområde	Mål	Tiltak	Ønska effekt	Tid	Ansvar
<b>Fagfornyninga og Kunnskapsløftet 20</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Implementera fagfornyninga</li> <li>• Vidareføra praksis som er i tråd med fagfornyninga og endra praksis som ikkje er det</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bruka ein del fellestid til deling og refleksjon rundt ulike tema innanfor fagfornyninga</li> <li>• Bruka delar av kompetansepakka frå Udir til repetisjon</li> <li>• Arbeida vidare med å ha fokus på fagfornyninga og overføre grunntankane i fagfornyninga i dagleg praksis</li> <li>• «Fagfornyngstreet» som hjelpemiddel for eiga utvikling</li> <li>• Skapa praksisendring og utvikla nye læreplanar undervegs</li> <li>• Planleggingsdagar til fagfornyng</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Felles retning i tråd med fagfornyninga</li> <li>• Høg kompetanse hjå dei tilsette</li> <li>• Auke delingskulturen ytterlegare</li> <li>• Oppfølging av elevane sitt læringsresultat,- t. d gjennom vurdering for læring og framovermelding</li> <li>• Ha varierte arbeidsformar gjennom skulekvardagen</li> <li>• Felles elevsyn i tråd med fagfornyninga</li> </ul>	2022-2025	Leiinga Dei tilsette
<b>Juniorforskarprosjektet</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Leggja til rette for meir undring og nysgjerrigheit hos ungdom</li> <li>• Utvida kunnskap forsknings-metodar og kritisk sans</li> <li>• Leggja til rette for elevmedverknad gjennom eigne val av tema og metode</li> <li>• Utvikla vidare prosjektet og gjera det til fast prosjekt på 9.trinn</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vidareføra juniorprosjektet dei tre neste åra i tråd med fagfornyninga med vektlegging av å undersøkje og forska med elevperspektiv</li> <li>• Evaluering og vidareutvikling av prosjektet</li> <li>• Vidareføring av prosjekt slik at fleire tilsette vert involverte.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Stimulering av elevane si nysgjerrigheit og elevmedverknad</li> <li>• Auka kritisk sans hjå elevane når det gjeld forskningsmetoder</li> <li>• Auka kunnskap om entrepenørskap</li> </ul>	2022-2025	Leiinga Dei tilsette 9. trinn mest involverte

Side 12 av 14

Vær oppmerksom på at dokumentet kan være endret etter utskrift.

Prosedyre/rutine Oppvekst - Plan for pedagogisk utvikling i sektor oppvekst.	Utskriftsdato: 21.02.2023
Dokumentansvarlig: Siv Sæterdal	Godkjent av: Bodil H. Øpstebø
Dokument Id: 301 - Versjon: 0	Side 12 Av 14

Satsingsområde	Mål	Tiltak	Ønska effekt	Tid	Ansvar
<b>Grøn skule og utemiljøet</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Auka kunnskap om miljøvern og berekraftig bruk av naturen</li> <li>Bruka naturen og skulen sitt utemiljø som læringsarena meir enn tidlegare</li> <li>Gjennomføra eit nytt grønt prosjekt kvart år</li> <li>Vidareutvikla aktivitetstilbodet for elevane i friminutta</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Nytt tema i fokus kvart år. 2022: Utemiljø og planting 2023-2025: Utemiljø og berekraftig bruk av naturen</li> <li>Avfallshandtering kvart år</li> <li>Minst 4 felles utedagar for heile skulen kvart år.</li> <li>Ulike opplærings situasjonar ute klassevis/trinnvis. Ikkje berre i kroppsøving og valfag</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Bruk av FNs berkraftsmål</li> <li>Auka kunnskapen om miljøvern og berekraftig bruk av naturen hos elevane som òg kan føra til handlingar i tråd med kunnskapen</li> <li>Auke gleda av å vera ute i naturen og ta vare på den</li> <li>Auka tilboda i friminutta ute for elevane</li> </ul>	2022-2025	Leiinga, dei tilsette, 8. trinn mest involverte
<b>Livsmeistring</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kunna gje elevane kunnskap og verktøy som kan hjelpa dei å ta gode val i ulike sosiale samanhengar no og i framtida</li> <li>Alle elevar og tilsette skal bli kjende med MOT sine grunntankar og verktøy og kunna bruka dei i praksis</li> <li>Felles lunsj</li> </ul>	<b>MOT:</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>Gjennomføra MOT sine program for alle elevane, leia av to tilsette ved skulen</li> <li>Alle dei tilsette skal med jamne mellomrom på fellesmøter få meir innsikt og få prøvd ut MOT sine idear og verktøy slik at dei kan bruka dei i dagleg arbeid med elevane</li> <li>MOT samling med kursing for ansvarspersonar</li> <li>Servera gratis lunsj</li> <li>Trivselsfremjande, førebyggjande</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Elevane får eit verktøy som dei kan bruka i sitt daglege sosiale liv som styrkar eigen psykisk helse og hjelper dei å ta gode val i sosiale samanheng</li> <li>Gjera elevane til robuste samfunnsborgare</li> <li>Sunt kosthald til elevane</li> <li>Auka læringsutbytte og trivsel</li> </ul>	2022-2025	Leiinga, tilsette, to lærarar med grunnutd. hos MOT har ansvar for opplæring av elevar og tilsette Tilsette/elevar

Alle desse områda høyre saman med **klare fagleg mål og variert undervisning** for å ha god praksis retta mot den einskilde elev i si utvikling. Skulen vil nytta mest mogeleg av den tilgjengelege fellestida til arbeid med satsingsområda våre i denne planen.

• Eit sentralt verkemiddel i denne prosessen er å få til god deling av erfaring og felles kritisk refleksjon over eigen praksis.

• Me vil arbeida systematisk og over tid for å styrka visjonen til Samnanger kommune. Den lyder slik: Ein god stad å vera, ein god stad å læra

#### 4.4 Vaksenopplæringa

Satsingsområde	Mål	Tiltak	Ønska effekt	Tid	Ansvar
Opplæring i norsk	<ul style="list-style-type: none"> <li>Læra seg norsk</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Gje norskundervisning i Samnanger eller kjøpe tenester</li> </ul>	Alle skal kunne norsk og bli intregret i samfunnet og med arbeid om mogleg	2022-2025	Flykninge-tenesta/ VO
Gjennomføring av grunnskule § 4A-1	<ul style="list-style-type: none"> <li>Gjennomføra grunnskule</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Kunne lesa og skriva, rekning</li> <li>Gå vidare til vidaregåande</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Mestring</li> <li>Mest mogleg sjølvstende</li> <li>Gå vidare på opplæring/omskolering om mogleg</li> </ul>	2022-2025	Spes.ped/PPT/VO
Spesialundervisning for vaksne § 4A-2	<ul style="list-style-type: none"> <li>Oppretthalda grunnleggjande dugleikar</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tilrettelagt undervisning</li> <li>Lærar nye tekologoiske «dubedittar»</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Mestring</li> <li>Mest mogleg sjølstendig</li> </ul>	2022-2025	Spes.ped/PPT/VO

Kapittel 4A i opplæringslova gjev føringar for rett og plikt i saman med introduksjonslova frå 2021.

- Me vil arbeida systematisk og over tid for å styrka visjonen til Samnanger kommune. Den lyder slik: Ein god stad å vera, ein god stad å læra